



Arkivnr: 2016/2314-1

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## Låneopptak 2016 - I

### Samandrag

Til finansiering av deler av budsjetterte investeringar i 2016 vert det teke opp eit 5-års obligasjonslån på 475 mill. kr. Renta er fast, 1,84 % i 5 år.

### Vedtak

Det vert teke opp eit 5-års obligasjonslån på 475 mill. kr, tilrettelagt av DNB Markets. Renta er fast i heile perioden, nominelt 1,84 %.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon


*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 23.02.2016

Det er i 2016 budsjettet med bruk av 1 463,5 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. Det er sannsynleg at det vil bli gjort budsjettendringar gjennom året, slik at denne summen kan endre seg noko.

Ein tek sikte på å ta opp 3-4 lån gjennom året, og startar no med eit lån på 475 mill. kr.

Lange renter har vist fallande tendens gjennom fleire år. Diagrammet nedanfor viser utviklinga i 5 og 10 års swap-rente. Ein har mange gonger tenkt at no må botnen vere nådd, men renta har falle til stadig lågare nivå.



Blå graf: 10 års rente Raud graf: 5 års rente

I følgje finansreglementet skal fylkeskommunen ha fast rente på mellom 40 % og 60 % av låneporteføljen. Ved årsskiftet hadde 52,4 % av låneporteføljen fast rente (med gjenverande bindingstid over 1 år). Om ein tek opp eit nytt fastrentelån på 475 mill. kr, vil andelen fast rente kome opp i 54,8 %. Med den høge lånegjelda fylkeskommunen har, har ein lagt vekt på å sikre seg mot renteoppgang.

I det siste har det vorte sett fokus på at kommunesektoren i aukande grad har finansiert langsiktige investeringar med kortsiktige sertifikatlån. Dette kan utgjere ein viss risiko når låna skal refinansierast.

Fylkesrådmannen ynskjer ved dette lånepakketet å låne langsiktig og å binde renta. Ein har valt å hente inn tilbod på lån over 5 år og 10 år.

Bergen Capital Management har i dag gjennomført anbodsrunde for fylkeskommunen. Det kom inn slike tilbod:

	5 år	10 år
DNB Markets	1,840 %	2,590 %
Nordea Markets	1,859 %	2,720 %
SEB Merchant Banking	1,950 %	
Handelsbanken	1,960 %	
Kommunalbanken	2,000 %	2,700 %
Swedbank First Securities	2,110 %	

DNB Markets gav lågast bod både på 5 år og 10 år. Skilnaden mellom eit lån med fast rente i 5 år og 10 år er 0,75 %. Sjølv om ei fast rente på 2,59 % i 10 år må seiast å vere låg, vil fylkesrådmannen denne gongen gå for eit 5-års lån.

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB Markets på lån i 5 år til 1,84 % rente.